

Gravhaug-interesse i Chicago

19.11.2013



Også flintdolkar vart funne på Haugland. Her er ein av dei, 14 centimeter lang

John Haugland i Chicago, hvis bestefar utvandra i 1918, har sendt oss eit spørsmål i samband med ei melding om nydyrking i Hauglandområdet. Han ber om informasjon om det som er funne i gravhaugane der og her er eit stutt samandrag:

Eva Nissen Fett skreiv i bygdesoga til Erling Vaage om dei 'forvitnelege' gravhaugane på Haugland, som er både frå eldre og yngre jernalder. Den største var Storehaugen eller Sverdhaugen og den hadde dette namnet fordi det på toppen stod ein 5-6 meter høg bautastein. Haugen var kunstig oppbygd med 2,6 meter og vart utgraven i 1907.

Det vart funne eit stykke av eit grovt leirkar og eit stykke av ei bronsenål og før var det funne ei øks i utkanten av haugen, Sjøelve grava var lita samanlikna med den store haugen og inneheldt mellom anna brente bein.

100 meter nordvest for Sverdhaugen låg Vetle Kongshaug, også den frå eldre jernalder. Anders Lorange grov den ut i 1881 og fann ei tom hellekiste. Det var også tilfelle med den andre og større Kongshaug som han 'avslørte' etterpå og som vart jamna ut for dyrking,

I same området låg også Langskipshaugen som var ein langhaug bygd på ein natuleg grushaug. Der fann ein skipssaum i restar av eiketre. og antok at dette var ei båtgrav.

Av Ola Matti Mathisen